

---

**Fra:** Helene Moe <Helene.Moe@vlfk.no>  
**Sendt:** mandag 7. september 2020 16:13  
**Til:** Postmottak Alver  
**Kopi:** Bente Kopperdal Hervik; Knut Bjørnevoll; Inger Lena Gåsemyr  
**Emne:** Riving av våningshus eldre enn 1850 - gnr 490 bnr 2, Alver kommune. Ber om meir informasjon og utsett svarfrist.

Dykkar referanse 20/13445 - 20/52221  
Vår referanse 2020/50347-3

### **Riving av våningshus eldre enn 1850 - gbnr 490/2, Hole, Alver kommune**

Viser til dykkar brev med oversending av ovanfor nemnde dispensasjonssak for fråsegn. Seksjon for kulturarv skal vurdere saka som regionalt kulturminnemynde.

Ut frå den informasjonen vi har i funne fram til i SEFRAK-registeret, gjeld dette ein bygning som er eldre enn 1850, og som difor er meldepliktig etter kulturminnelova § 25.

Vi kan ikkje sjå at saka er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan handsame den. Vi ber om at de sender inn meir informasjon om og dokumentasjon av bygningen, samt skriv kommunen si førebelse vurdering, inklusive eit kulturminnefagleg fråsegn frå kommunen si kulturavdeling. Vidare ber vi om at de stadfester at kommunen gir fylkeskommunen utsett svarfrist, til 4 veker etter at de har sendt oss den informasjonen vi her etterspør.

Venleg helsing

**Helene Moe**  
seniorrådgjevar

seksjon for kulturarv  
avdeling for kultur, idrett og inkludering



tlf: 48 99 39 22  
[www.vestlandfylke.no](http://www.vestlandfylke.no)